



Arkoconsult AS
Pål Tufta
Postboks103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/424 - 14/4929

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
01.04.2014

Godkjenning - Søknad om vesentleg terrenginngrep / masseutskifting på gbnr. 25/175 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 71/2014

Saksutgreiing:

Omsøkt tiltak:

Det vert vist til søknad innstempla 21.1.2014 om løyve til vesentleg terrenginngrep på gbnr. 25/175 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 bokstav k og 30-4. Søknaden er i ettertid supplert med terrengprofilar, jf. e-post m/ vedlegg innstempla 10.2.2014.

Tiltaket innebør at eksisterande massar på eigedomen vert erstatta med sprengstein. Formålet er å klargjere eigedomen for bustadbygging.

Gbnr. 25/175 har eit samla areal på om lag 1750m² og det omsøkte arealet dekkjer om lag 1000m² av eigedomen. Terrengprofilen til eigedomen vert ikkje endra som følge av tiltaket.

Planstatus:

Gbnr. 25/175 er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett til landsbruks-, natur og friluftsmål (LNF). Det omsøkte tiltaket er i strid med dette arealmålet, men kommunen har tidlegare gjeve naudsynt dispensasjon frå KPA for oppføring av einebustad på den omsøkte parsellen, jf. vedtak frå Utval for drift og utvikling av 11.12.2012 i UDU-sak 125/12. Det omsøkte tiltaket er dermed i samsvar med – og innanfor rammene av – føreliggjande dispensasjon.

Nabovarsel:

Søknaden om byggjetiltak vart nabovarsla 30.12.2013 og det er innan lova sin fastsette frist ikkje motteke merknadar til tiltaket. Tiltaket vert etter dette rekna som tilstrekkeleg varsla, jf. pbl. § 21-3.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering:

Plassering, utforming, høgde og avstand til nabogrenser:

Tiltaket skal utførast i samsvar med søknad motteke 21.1.2014 og vedlagte plankart og terrengprofilar motteke 21.1. og 10.2.2014. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar lova sine krav til utforming, funksjon, utsjånad, jf. pbl. §§ 29-1 – 29-3.

Tomta si terrengprofil vert ikkje endra, og administrasjonen vurderer dertil at avstandskrava i plb. 29-4 («*Byggverkets plassering, høyde og avstand fra nabogrense*») ikkje kjem til bruk.

Om gjeldande krav til sikring, teknisk utføring og ivaretaking av miljø vert det vist til høvesvis pbl. § 28-5, § 29-5 første ledd og Forurensingsforskriften kap. 2.

Kommuneadministrasjonen gjer merksam på at føreliggjande løyve er avgrensa til tiltak på den omsøkte eigedom. Eventuelt søknadspliktig tilførsel eller borttransportering av massar frå og til andre eigedomar må difor omsøkjast særskilt, med mindre det allereie er gjeve løyve til dette.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt:

Føretak	Godkjenningssområde for funksjon og ansvar
Arkoconsult AS Organisasjonsnummer 997 089 782 Sentral godkjenning	SØK (tkl. 1) PRO heile tiltaket (tkl. 1)
Grindheim Maskin & Transport AS Organisasjonsnummer 979 602 002 Sentral godkjenning	UTF grunnarbeid og masseutskifting (tkl. 1)

Vedtak

Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1 og 30-4 løyve til vesentleg terrenginngrep/masseutskifting på gbnr. 25/175 i samsvar med søknad og situasjonskart innstempla 21.1.2014 og terrengprofilar motteke 10.2. s.å. Om utforming mm. vert det vist til vurderinga over.

Byggjeløyvet vert gjeve på følgjande vilkår og med følgjande presiseringar:

1. Løyvet er avgrensa til det omsøkte tiltaket på gbnr. 25/175. Dersom det i samanheng med det omsøkte tiltaket òg skal utførast søknadspliktige tiltak på andre eigedomar – som følge av tilførsel eller borttransportering av massar tilknytt gbnr. 25/175 – må det eventuelt ligge føre naudsynt løyve til tiltak på desse eigedomane innan arbeidet på gbnr. 25/175 vert sett i gong.
2. Løyvet er avgrensa til det omsøkte formålet (opparbeiding av bustadtomt) og eigedomen kan difor ikkje nyttast til massedeponi eller andre tiltak i strid med dette formålet.
3. Den omsøkte eigedomen må ikkje tilførast ureine massar, jf. Forurensingsloven m/ tilhøyrande forskrift.

Tiltaket skal elles utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningsloven, så fram ikkje anna er bestemt ovanfor.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at dispensasjon og byggjeløyve vart gjeve, fell både dispensasjon og byggjeløyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningsloven og administrativt fatta i medhald av delegert mynde.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.